



Meir enn 60 kom i Helgheim ikveld

Det er svært lite eller ikkje noko som ber bod om at koret Røysterett for alle skal gå konkurs med det fyrste. Konserten i Helgheim samla 62 betalande og vart ein stor suksess. Veteran Svein Rimestad sa ved slutten av framføringa av rundt rekna 20 songar at det var kjekt å få eit slikt signal og han presenterte eit tett haustprogram som mellom anna har med vitjingar andre stader i Kvinnherad.- som Åkra og Varaldsøy.

Det økonomiske resultat er naturleg nok ikkje klårt i skrivande stund men leiinga gjer uttrykk for at dei er strålende fornøgd etter denne kvelden. Kormedlemmene hadde sjølv med noko å bita i og la i det heile for dagen ein stor vilje til å gjera enda meir for koret enn ein god musikalsk innsats.



[Maria Malmsten fekk mange lovord](#)

Men den var i seg sjølv imponerande og må konkluderast med at repertoaret har vakse i den seinare tid og at songarane har lagt enda fleire alen til sin vekst. Dei imponerar med allsidigheiten sin og koret kan ikkje plasserast i nokon bestemt bås.



Matøkta var også eit høgdepunkt

Det var både gamle og nye songar som vart presentert ikveld og denne reporter meiner at koret nådde toppen med Halleluja sjølv om presentasjonen av Ei vedunderleg verd også står høgt i karakterboka. Repertoaret er styrkt med fleire kyrkjelege songar, som Benedictus og ligg høgt også i denne gruppa. Programleiinga var eit samarbeid mellom Rimestad og Maria Malmsten sjølv ikveld og som vanleg var ho ein improvisasjonens meister. Ho supplerte til dømes på engelsk slik at også kanadiske og ein tsjekkisk gjest fekk betre utbytte,.

Noko av den beste som skjedde med omsyn til pr-utbytte var at koret denne kvelden fekk ein ny sopran og 2 nye tenorar. Det streka under kveldens konklusjon: Bygda vil at koret skal leve!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen